

# **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i Sund kommune**



**Definering av omsynssoner for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap  
i Sund kommune**

**Kommuneplanen for Sund kommune 2010 – 2020**

## Innleiing

Sund kommune har i dag eit rikt kulturliv basert på stor medverknad og frivillig engasjement. I følgje kulturlova av 2007 skal kommunen sikra at alle får høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfold av kulturuttrykk. Eit velfungerande kulturliv treng gode planar som definerer økonomi, samarbeid, tilgjengelege lokale og areal. Kultur har eigenverdi med sine uttrykk, aktivitetar og opplevingar, men er også eit viktig verkemiddel i arbeidet med folkehelse, næringsutvikling, stad- og lokalsamfunnsutvikling.

Sund kommune deltar i Riksantikvaren og Miljøverndepartementet sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet med Perler i Nordsjøløypa. Programmet omfattar kulturell, sosial, miljømessig og økonomisk verdiskaping. Det er viktig å ta vare på kulturminne i autentiske kulturmiljø og kulturlandskap. På den måten kan vi formidla kunnskap og skapa opplevingar og aktivitet, som sikrar berekraftig og ny bruk av kulturminna for framtida.

I samband med rullering av kommuneplanen for Sund er det utarbeida omsynssoner for kulturmiljø og kulturlandskap i Sund kommune. I tillegg er det kartfesta kulturminne slik dei er registrert i registeret ”Askeladden”

## Målsetting

Målsettinga er å kartfeste automatisk freda kulturminne for å hindre at desse vert skada eller øydelagt i samband med fysiske tiltak. Det er også sett grenser for lokalt viktige kulturmiljø og kulturlandskap og definere omsynssoner kring desse slik at tiltak i desse områda tek omsyn til dei kvalitetane særskilte bygningsmiljø og landskap har.

Desse registreringane vert også eit av fleire grunnlag for utarbeiding av ein kulturplan for Sund kommune.

## Omgrep

### Kulturminne

Kulturminneloven definerer kulturminne slik:

*”Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter som det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.”*

Nettstaden ”Miljølære.no” fyller ut omgrepet slik:

*Vi snakker om materielle og immaterielle kulturminner. Den første gruppen er kulturminner til å ta og føle på, mens de immaterielle kulturminnene er de som lever videre som kulturytringer i skriftlig form, eller som eventyr og historier, sang og dans.*

*Av de materielle kulturminnene har vi to hovedtyper; de løse og de faste. Med løse kulturminner mener vi gjenstander – objekter som en kan flytte på og ta med seg, for eksempel løst inventar i bygninger og gjenstander fra utgravninger. De løse kulturminnene er museenes ansvar, organisert under Kulturdepartementet. Riksantikvarens arbeidsområde omfatter de faste kulturminnene og kulturmiljøer, og det er disse vi omtaler her.*

*Definisjonen av kulturminner er så bred at den omfatter det meste av alt som er skapt i de minst 12 000 årene det har bodd mennesker i landet. Her skal vi nevne noen eksempler på forskjellige typer kulturminner:*

**Fra forhistorisk tid til middelalder:**

*Boplasser, dyregraver, bergkunst (helleristninger og hulemalerier), hustufter, teltringer, kultplasser, gravhauger, gravrøyser, samiske urgraver, jernvinneanlegg, kullgropes, spor etter jordbruksdrift*

**Fra middelalder:**

*Hus og hustufter, kirker og kirkegårder, klostre, borganlegg, rester av de første byene, - samiske gammetufter, offerplasser og førkristne samiske gravminner*

**Fra nyere tid:**

*Gårdsanlegg, herregårder, hus i byen, kirker og kirkegårder, prestegårder, bygninger tilknyttet statlig virksomhet, samiske stabbur og gammer*

*Bygninger og anlegg knyttet til virksomheter: jordbruk, reindrift, fiske og tømmerfløting, kullbrenning, kraftproduksjon og industri, for å nevne noen*

*Bygninger knyttet til forskjellige sosiale grupper, som husmannsplasser, gården til fiskerbonden, sjøsamen og elvesamen, -spesielle håndverksvirksomheter*

*Oppstillingen tar ikke sikte på å gi noen fullstendig oversikt, men viser at tilfanget av både antall og typer kulturminner øker jo lenger fram i tid vi kommer. Dette er en utvikling som kommer til å fortsette, ettersom det vi skaper i dag, også blir kulturminner en gang i framtiden. Økningen skyldes ikke bare at befolkningen vokser, og at samfunnet blir stadig mer komplisert. Blant kulturminnene fra fortiden har det meste av nedbrytbart materiale forsvunnet, og mye er ødelagt eller fjernet. Muligheten for å kunne bevare de kulturminnene som skapes i dag, er større.*

*Kulturminner kan beskyttes ved fredning etter kulturminneloven.”*

**Kulturmiljø**

**Kulturminneloven definerer kulturmiljø slik:**

*”Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.”*

**Nettstaden ”Miljølære.no” fyller ut omgrepene slik:**

*”Når kulturminnene er del av en større helhet, kaller vi det altså et kulturmiljø. Et kulturmiljø kan være et landskap som er verdt å verne i seg selv, og der verdifulle bygninger, tekniske anlegg og andre menneskeskapte innslag bidrar til å gjøre landskapet rikere. Eksempler på kulturmiljø kan være:*

*En kirke med kirkegård og prestegård i et område der det er gravhauger fra forhistorisk tid, og der det har vært ferdsel i uminnelige tider*

*Et gårdstun med bevaringsverdige bygninger i et jordbrukslandskap med preg av eldre driftsmetoder*

*En grend, et tettsted eller en bydel med interessant bebyggelse, spesiell vegetasjon og parkområde*

*Et fiskevær med boliger og bygninger, naust, kaianlegg og andre innretninger knyttet til virksomheten.*

*Et industriområde med produksjonsbygninger og boliger som hører til  
En kystby med boligbebyggelse, båtbyggeri og havneanlegg  
Et samisk område med bosettingsspor, bebyggelse, kultsteder og tradisjonsplasser  
Et område som inneholder forskjellige typer kulturminner, for eksempel et felt med bergkunst,  
en boplass med påviste stolpehull etter hus og en gammel hulveg.*

*Kulturmiljøer kan fredes etter kulturminneloven.”*

### **Kulturlandskap**

Kulturlandskap er ikkje lovfesta men nettstaden ”Miljølære.no” definerer det slik:

*”Det meste vi har av fysiske omgivelser, går inn under begrepet kulturlandskap, som betegner omgivelser der mennesket har påvirket utformingen ved å bruke det og ved å ta det i bruk. Grensen mellom natur og kultur er ofte flytende. Et tilsynelatende uberørt naturlandskap kan gjemme fangstgraver og spor etter eldgamle boplasser. Og omvendt – i et kultivert landskap finnes planter, dyre- og insektarter av stor interesse for naturforskere. Fortellertradisjonen gir på mange måter landskapet en spesiell betydning. I Asbjørnsen og Moes norske folkeeventyr er naturskildringene vevd inn i sagn og fortellinger.*

*Som eksempel på kulturlandskap kan vi nevne:*

*Større jordbrukslandskap med dyrkingsområder, beitemarker, steingjerder og andre former for innhegning, trær og annen vegetasjon*

*Kystlandskap med havner, sjømerker, seilingsleier og andre innretninger som beskriver et maritimt miljø*

*Fjell- og utmarksområder der mennesket har ferdes, med minner fra jakt, fiske og annen ressursutnyttelse*

*Landskap som knytter seg til samisk næringsvirksomhet og landskapstradisjon*

*I kulturlandskapet møtes interessene fra natur- og kulturminnevernet, representert ved Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren. Ofte har menneskenes inngrep og pleie av kulturlandskapet skapt biotoper med spesielt plante- og dyreliv. Vern og pleie av landskapet etter spesielle metoder som kanskje ikke lenger er i bruk, er en forutsetning for å kunne bevare det biologiske mangfoldet.*

*Kulturlandskap fredes ikke etter kulturminneloven, slik tilfellet er med kulturminner og kulturmiljøer.”*

### **Eksempel**

I dei delar av kommunen der vi finn som små ”gløymte”, men tidlegare kultiverte områder, som på grunn av sin størrelse eller sin marginale produksjonsverdi ikkje går inn som eit landbruksområde, vert område lagt inn som omsynssone kulturlandskap.



(Bilete synar eksempel på kulturlandskap. Bilete er tatt i eit omsynsområde for kulturlandskap på Lerøy).

## Metode

### **Arbeidsform:**

I forbindelse med utveljing av områdar i dei forskjellige kategoriene, hadde vi først eit møte i arbeidsgruppa for kommuneplanen. Nokon områdar kom som innspel i forbindelse med folkemøte og opne kontordagar i kommuneplan arbeidet. Andre områdar er foreslått av kommunen på bakgrunn av lokalkunnskap. Der vart det gjort utveljing av dei område vi ville sjå nærmare på. Vi var på synfaring i områda saman med administrasjonen og kulturavdelinga både i kommunen og fylkeskommunen.

### **Kulturminne:**

I det nasjonale registeret "Askeladden" er det registrert alle automatisk freda kulturminne som er registrert i landet. Dette er kartfesta i det digitale kartverket i kommunen og kan nyttast ved sakshandsaming. Desse registreringane skal ikkje være ein del av kommeplanen sin arealdel.


### **Kulturmiljø:**

Plangruppa for rullering av kommuneplanen har lista opp dei områda som etter deira syn er verdt å vurdere nærmare. I lag med representantar frå Fylkeskommunen og kultureininga i kommunen har det blitt registrert lokalt viktige kulturmiljø.

### **Kulturlandskap:**

Plangruppa for rullering av kommuneplanen har med bakgrunn i tidlegare definerte kjerneområde landbruk prioritert lokalt viktige område i kommunen. Desse vert lagt inn som omsynssone landbruk.


## Kulturminne



(Kart som synar automatisk freda kulturminne, kjelde; Askeladden).

I Sund kommune dominerer funna av kulturminna i dei kystnære stroka, mellom kote 10 og 20. Det er særskilt områda Glesnes og Tofterøy på vestsida og nordre del av kommunen på austsida som trer fram som dei mest aktuelle funnstadane. Det må leggjast til at "Askeladden" ikkje er komplett sidan heile kommunen ikkje er systematisk kartlagt.

I samband med planane om utbygging av Porsvika vart det gjort ei registrering av det området som er sett av i gjeldande kommuneplan og slik ser registreringane ut der:



### Eksempel


Desse registreringane er automatisk freda kulturminne og dei kan i utgangspunktet ikkje fjernast.

Det vert lagt opp til at det må utførast ei særskild registrering av alle nye utbyggingsområde i arealplanen.

Det er uført ein del separate rapportar i forbindelse med utbygging i Skaganeset og i Porsvika. Vi kan vise til Kulturhistoriske registreringar, rapport frå kultur og idrettsavdelinga, Buplassar frå steinalder og eldre bronsealder ved Kvernavika og Porsvika, gnr. 33 Glesnes i Sund kommune (rapport 3, 2008).

I ny kommuneplan vil vi legge inn omsynssonar på Skaganeset og nord for Porsvika.

## Telavåg - minner etter krigen



### Telavågløypa

I september 2002 vart Telavågløypa, ei kulturhistorisk løype, opna i Telavåg. Den består av 14 postar av eldre og nyare kulturminne, og stader knytt direkte til historia om Telavåg under andre verdskrigene.

### Kulturmiljø

Plangruppa har gjeve ei opplasting over område

### Telavågløypa

The Telavåg Trail • Telavågpfad

- A Årvika
- B Skulehuset  
*The School House • Das Schulhaus*
- C Huset  
*The House – Das Haus*
- D Hauganeset
- E Kaien i Kvernhopen  
*The Wharf inn Kvernhopen  
Der Kai in Kvernhopen*
- F Ungdomshuset  
*The Club House • Das Jugendhaus*
- H Jordkellar  
*Earth Cellars • Erdkeller*
- I Kyrkjegard  
*Cemetery • Friedhof*
- J Minneplakett  
*Memorial Plaque • Gedenktafel*
- K Gruvene  
*Mines • Die Gruben*
- L Tuftene  
*Sites • Spuren*
- M Sørvika
- N Nesvika
- O Minnestøtta  
*The Memorial • Gedenkstein*

Teiknforklaring:

- følger terreng • Terrain • Terrain
- følger bilveg • Car Road • Autostraße


som dei

vurderer som lokalt viktige kulturmiljø:

### Bukken, Buck van Raa




Gamal tingstad, handelsstad, gjestegjeveri med meir. Historisk sett ein sentral handelsplass i Raunefjordområdet. Bukken er også registrert i naturbasen. Heile øya med nærliggjande holme vert definert som omsynssone Kulturmiljø.



Handelsstaden Glesvær med nærliggjande naustmiljø




Heilt frå 1664, då kjøpmann Henrich Wessel bygde handelsstaden, til i dag har det vore handel og treffstad her. Handelsstaden var i tidlegare tider sentral på vestsida av Sotra. I dag er den kommunen sin 1000 års stad og kafé, turiststad og plassen der periferifestivalen blir arrangert.



Kvalvågen




Kvalvågen har historie i samband med fangst av kval i Skogsvåg. Det er framleis rester etter stengsle og buer nytta til stenging av vågen. På staden vert det også arranger kvalfestival. I kommuneplanen får området, som er ein naturleg del av eit landskapsrom i vågen, status som omsynssone kulturmiljø.




Hope, Samlingsplass og naust



Området vart nytta til ulike aktivitetar i lokalmiljøet. Det er også basen for Hope trebåtlag. Området har lokal verdi som kulturmiljø.




Kyrkjebrygger i Klokkarvik – ved Solhaug, og i Limevågen.



Klokkarvik

Historisk sett har desse bryggjene vore nytta av innbyggjarane for transport til Sund kyrkje. I Limevågen har også namnet "Brurabryggjo" vore nytta.




Limevåg

## Førdesdal





Eit eldre gardstun som ligg i eit gammalt kulturlandskapsområde. Garden ligg innerst i Førdesdalen. Tunet består av fleire små og større bygningar. Store delar av tunet er oppført i tørrmur.



## Melkeviksnaustet



**Eit gammalt naust oppført i tørrmur med skifer på taket.**




## Fødestaden til Johannes Kleppevik




### **Fødestaden til Johannes Kleppevik.**

Johannes Kleppevik var ein norsk artist som gjekk under namnet «kystens trubadur». Han var og ein pådrivar for å få i stand Torgdagen i Bergen, som har vorte ei årleg hending.



## Kleppesjøen - hamna



Nausta har forskjellig størrelse og vinkel mot sjøen med passasje mellom nausta.


Hamna er bygd på eit særprega måte, med berre eit smalt utløp mot Krossfjorden. Hamna er utforma slik å verne båtar og naust mot værtihøva i Krossfjorden.

## Håkonsund - området mellom "butikken" og sundet




### Gamal handelsstad.

Område er frå tidlegare brukt både som handelsstad og gjestegjeveri. Og det er kjent at området vart nytta allereie på 1700 talet. Området er bygd som eit klyngetun med små hus og uthus rundt hovudbustaden /butikken.




Trelleviksnaustet  
og området rundt





Område består av tre bygningar. Dette er bygnaden, skjenkestova og naustet innerst i vika. Heile område er disponert av stiftinga Trellevik kystkultursenter, som har ansvaret for bevaring av området, bygningane og båtane og driv med ulike kulturelle arrangement og med båt og sjøaktivitetar.


"Bygnaden" som er det store sjøhuset er minst 200år gammalt. Naustet innerst i vika kan vere eit av det eldste bygga i Sund kommune.



## Tyrnevika





Tyrnevika har vore handelsstad i fleire generasjonar og her har og vore industristad med næring i tilknyting til fiske med sildemottak og foredling. I Tyrnevika ligg også "Sildabua" som i storleik og utforming skil seg ut i høve til omgjevnadane.




## Hummelsund - Sundet



Passasje mellom Viksøy og Tofterøy. Automatisk freda kulturminne i ei bukt midtveis i sundet. Farbar med liten båt.



## Glesvær - Englebogskjærret



Englebogskjærret

Særmerka holme der det ligg to  
gamle notbruk.




## Glesvær – ferdsselsåre

Tradisjonsrik ferdsselsåre mellom bebyggelsen og naustområdet i Bogen



## Glesvær - Porsvika

I samband med utviding av industriområdet er det avdekket flere funn av automatisk freda kulturminne på nordsida av Porsvika. Den nordlege delen av området vert sett av til omsynssone kulturminne.




## Golta/Glesnes - Goltasundet

Goltasundet strekk seg mellom Golta og Glesnes i eit landskap med steinalderbuplassar, gamle rorbuer, restaurert hengje og naust etter eit gammalt notlag.



(Bilda synar landskapet på Golta).



## Golta - langhuset

Eit av dei eldste husa i Sund og truleg bygd i 1619. Huset er bygd i grensa mellom to hovudbruk.




## Telavåg - gammal gravplass



Gravplassen i Telavåg er ein særmerkt gravplass som ikkje lenger er i bruk, men vert heldt i stand på dugnadsbasis og er nyleg restaurert






Ein gamal øydegard ligg her lunt og noko skult i landskapet.

## Telavåg - Selstøbuene



Dei einaste byggverka som stod etter den tyske aksjonen som øydela bygda i 1942.





(Oversiktskart Selstøbuene)

## Austefjorden / Toftosen - Hummarparkane




Særmerka bygg som  
tidlegare vart nytta til  
oppdrett og oppbevaring  
av hummar for vidare  
sal.

## Tyssøy - kapellet og omgjevnadane




Tyssøy er ein gamal kongsgard og St. Ludvigs kapell vart bygd rundt år 1300. Kapellet eksisterer ikkje lenger, men steinane som er vist på biletet er moglege restar etter kapellet.



Tyssøy - Tyssøykruna



På Tyssøy finn ein dette merket kalla "Tyssøykruna". Merket er hogd inn i stein ved sjøen på vestsida. Merket er eit automatisk freda kulturminne. Ein har ikkje klart å gjere ei klar tidfesting av merket.




Lerøy - gravplass.




Gravplassen på Lerøy er ein særmerkt gravplass som ikkje lenger er i bruk.

### Skogsvåg - Hella




### Døscherholmen



Området er regulert og det er teke omsyn til kulturelle verdiar i samband med handsaminga av reguleringsplanen

## Vorlandsvassdraget




### Vorlandsvassdraget

Det er knytt fleire nyare kulturminne til vassdraget. Det er mellom anna tufter etter fleire kvernhus i skaret langs med elva. Kulturminna i området vitnar om stor aktivitet i fortida.



Kulturlandskap



### Skogsvåg


Område ligg i dag som LNF område. I ny kommuneplan er dette eit område som vi ønskjer å leggje inn som omsynssone landbruk og som omsynssone kulturlandskap.



### Lerøy

Område ligg i dag som LNF område. I ny kommuneplan er dette eit område som vi ønskjer å leggje inn som omsynssone landbruk og som omsynssone kulturlandskap.





### Bjelkarøy (over)

Område ligg i dag som LNF område. I ny kommuneplan er dette eit område som vi ønskjer å legge inn som omsynssone landbruk og som omsynssone kulturlandskap.



### Fenedalen (t.v)

Kartet synar eit kulturlandskap rett sør for Fenedalen (nord for Kleppe). I området finn vi ein del steingardar, små uthus i stein og eit lite og isolert landbruksjorde. Kanskje ein gammal åker eller slåttemark. I dag ligg området som LNF område. Dette vert endra til omsynssone for kulturlandskap



### Håkonsundet

Område til venstre er eit flott kulturlandskap med innmark/slåttemark innkransa av gamal kantvegetasjon og steingardar. Frå dette kulturlandskapet går det ein kultur-sti fram til bustaden i Håkonsundet.

### Forland

Kartet synar eit areal på Forland som mest truleg er ein gammal innmark eller slåttemark. Område ligg noko isolert, men er ein opning i landskapet med gammal kantvegetasjon og med steingard rundt.





### Høylandsdalen

Område er vurdert nærmere og har kvalitetar både som omsynssone landbruk og som omsynssone kulturlandskap.





### Toftarøyna mot Døcherholmen t.v

Område har kvalitetar både som med tanke på landbruk og som kulturlandskap. I gjeldande kommuneplan er området definert som kjerneområde landbruk. Dette vert no endra til omsynssone.

### Tofterøy, Risvika t.h.

Område er sett av til  
omsynssone kulturmiljø og  
som omsynssone  
kulturlandskap. Område er eigd  
av Bergen og omland  
friluftsråd og vert nytta som  
badevik.





### Viksøyna t.v

Området har kvalitetar som gjer at det vert lagt inn som  
omsynsområde kulturlandskap i  
nv kommuneplan.

### Osphaugen

Osphaugen ligg på veg mot Telavåg. Området må sjåast på i samanheng med Spilda.



### Spilda

Ligg som LNF område i dag. Dette vert endra til omsynssone for kulturlandskap.



### Golta

Område har kvalitetar som gjer det aktuelt som omsynssone kulturlandskap.

## Telavåg, Øvreheit

Desse to områda sør på Telavåg har landskapskvalitetar som bør takast omsyn til. Områda bør sjåast på i samanheng.

